



Samnanger kommune
Rådmannskontoret

Vurdering av IKT-driftsform for Samnanger kommune

Samnanger kommune har fått invitasjon til å gå inn i IKT Nordhordland (IKTNH). IKTNH har ansvar for IKT-tenestene til kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Alle IKT-tenestene som den enkelte av desse kommunane tidlegare hadde ansvar for, er overført til IKTNH.

Samnanger kommune driftar i dag mange av dataysystema våre sjølv, på eigne serverar. Me driftar òg i stor grad IKT-infrastruktur/nettverk og datamaskinar/klientar sjølv. Desse oppgåvene vert gjort av kommunen si IKT-avdeling, som har to tilsette (til saman 200% stilling). Dersom kommunen går inn i IKTNH, vil desse driftsoppgåvene bli overført til IKTNH. I tillegg vil ulike utviklingsoppgåver m.m. knytt til IKT-drift bli utført av IKTNH.

Dette dokumentet inneheld utfyllande informasjon samt rådmannskontoret sine vurderingar om IKT-driftsform for Samnanger kommune. Følgjande tre alternativ er vurdert:

- Alternativ 1: Halda fram med noverande IKT-driftsform uendra
- Alternativ 2: Samnanger går inn i IKTNH
- Alternativ 3: Halda fram noverande IKT-driftsform, men med auka bemanning og ressursbruk

Dato: 06.06.2018

Innhald

1	Innleiing	3
1.1	Utviklingstrekk innanfor IKT	3
2	Om IKT Nordhordland (IKTNH)	3
3	Noverande IKT-drift i Samnanger kommune.....	4
3.1	Bemanning	4
3.1.1	IKT-avdelinga	4
3.1.2	IKT-ressursar ved skulane	4
3.2	Omfang av noverande IKT-drift.....	5
4	Alternativ for IKT-drift	5
4.1	Alt. 1 - Halda fram med noverande IKT-driftsform uendra	5
4.2	Alt. 2 - Samnanger går inn i IKTNH	6
4.2.1	Kva IKT-oppgåver vil IKTNH overta for Samnanger?	6
4.2.2	Kva ønskjer IKTNH å oppnå?.....	6
4.2.3	Kva kan IKTNH tilby Samnanger kommune?.....	6
4.2.4	Kva fordelar meiner IKTNH Samnanger kommune vil få?	6
4.2.5	Innmeldings- og oppseiingsvilkår.....	6
4.2.6	Kostnader.....	7
4.2.6.1	Fast årleg betaling til IKTNH	7
4.2.6.2	Kostnader som ikkje er inkludert i fast årleg betaling til IKTNH	7
4.2.6.3	Årlege kostnader som den faste årlege betalinga til IKTNH vil erstatta.....	7
4.2.6.4	Årlege kostnader som vil auka/koma til dersom Samnanger går inn i IKTNH	8
4.2.6.5	Investeringar/ingongskostnader dersom Samnanger går inn i IKTNH	9
4.2.6.6	Oppsummering kostnader alt. 2.....	10
4.2.7	Personalmessige konsekvensar	11
4.2.8	Beredskap utanfor ordinær arbeidstid	12
4.3	Alt. 3 - Halda fram noverande IKT-driftsform, men med auka bemanning og ressursbruk	12
4.3.1	Oppretta leiarstilling/leiarressurs i IKT-avdelinga	12
4.3.2	Eingongsløyving for å få skifta ut gammalt datautstyr	13
4.3.3	Auka utskiftingstakt på datautstyr inkl. serverar	13
4.3.4	Utskifting av serverar - etablere nytt offsite serverrom	13
4.3.5	Oppsummering ekstrakostnader alt. 3	13
5	Innspel frå fagforeiningane.....	14
6	Vurdering og samanlikning av alternativa	14
6.1	Fordelar og ulemper	15
7	Konklusjon og tilråding	16

1 Innleiing

1.1 Utviklingstrekk innanfor IKT

Det har i mange år vore ei rivande utvikling på IKT-området i kommunane, og det er all grunn til å tru at utviklinga vil halda fram i minst same tempo også i åra som kjem. Døme på dette er:

- Aukande tal datasystem/fagsystem, datamaskinar, mobiltelefonar m.m.
- Aukande tal serverar
- Aukande krav til nettverksløyser (kapasitet m.m.)
- Aukande krav til digitale løyser for både tilsette, elevar og innbyggjarar
- Aukande krav til digital informasjonsutveksling mellom kommunen og andre offentlege instansar
- Aukande krav til datatryggleik
- Aukande krav til personvern/behandling av personopplysningar

Til saman gjer dette at kommunal IKT-drift er vesentleg meir omfattande og krevjande enn det var for nokre år sidan. Det er også slik at det som er gode nok IKT-løyser i dag, ikkje vil vera godt nok om nokre år.

Det vert stilt høge faglege krav til dei som skal stå for IKT-drifta i kommunen. Det er i liten grad formelle kvalifikasjonskrav i lovverket, men i realiteten er høg fagleg kompetanse innanfor IKT heilt nødvendig.

Samnanger kommune har i mange år stått for det meste av IKT-drifta vår sjølv, men det er spørsmål om dette vil vera den beste løysinga for kommunen vidare framover. Rådmannen si vurdering er at det uansett vidare driftsform, vil vera nødvendig å styrka satsinga på IKT i kommunen.

2 Om IKT Nordhordland (IKTNH)

Samnanger kommune har fått invitasjon til å gå inn i IKT Nordhordland (IKTNH). IKTNH har ansvar for IKT-tenestene til kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Alle IKT-tenestene som den enkelte av desse kommunane tidlegare hadde ansvar for, er overført til IKTNH.

IKTNH vart etablert i 2011 etter ein vertskommunemodell etter § 28-1 i kommunelova, med Osterøy som vertskommune, men med lokalisering på Knarvik. Det går fram av dokumentet frå IKTNH som følgjer som vedlegg i saka at IKTNH i dag er eit interkommunalt samarbeid bygd på prinsippa i § 27 i kommunelova. Osterøy er «kontorkommune» og formell arbeidsgjevar for dei tilsette i IKTNH.

Etableringa av IKTNH vart dette mellom anna gjort ut frå ei vurdering av at det vil vera «stordriftsfordelar» ved at fleire kommunar går saman om IKT-drift. Kommunane som er med i IKTNH varierer ein god del med omsyn til folketal (frå ca. 400 til ca. 16000), og eit par av kommunane har om lag tilsvarende folketal som Samnanger.

IKTNH er lokalisert på Knarvik, der dei også har serverrom m.m. Det er om lag 20 tilsette. Ein del av desse jobba tidlegare med IKT i «heimkommunen», men vart overført til IKTNH ved etableringa i 2011.

IKTNH har også ansvar for IKT-drifta til Austevoll kommune, etter at dei vant konkurranse som Austevoll gjennomførte for desse tenestene.

IKTNH ønskjer no å utvida talet på medlemskommunar, og har i samband med dette invitert Samnanger inn i samarbeidet. Det har vinteren/våren 2018 vore fleire møte mellom IKTNH og administrasjonen i kommunen, og det har også vorte gjennomført eit forprosjekt for å kartleggja diverse forhold knytt til eventuell innmelding i IKTNH for Samnanger.

IKTNH har utarbeidd eit eige dokument («IKTNH som leverandør av driftstjenester til Samnanger kommune»), der dei beskriv og drøftar diverse forhold. Det går der mellom anna fram kva fordelar dei meiner Samnanger vil ha dersom me går inn i IKTNH. Dokumentet ligg som vedlegg i saka.

3 Noverande IKT-drift i Samnanger kommune

Som nevnt ovanfor i dokumentet, står Samnanger kommune i dag for mykje av IKT-drifta vår sjølv. Dette gjeld kjøp, installasjon, drift og vedlikehald av mellom anna serverarar, brannmur, lagringsløyser, backup, diverse fagsystem, IKT-helpdesk, nettverk/nettverksutstyr og datamaskinar/teminalar. I tillegg har IKT-avdelinga også heimevaktordning fram til kl. 22.00 alle dagar.

3.1 Bemanning

3.1.1 IKT-avdelinga

IKT-avdelinga i kommunen har sidan 2009 hatt følgjande bemanning:

Stilling	Stillings%
IKT-konsulent (fagansvarleg)	100 *
IKT-konsulent	100
Sum	200

**) Dei siste par åra har denne IKT-konsulenten i realiteten arbeidd om lag 80% med IKT og om lag 20% med administrative oppgåver knytt til brann- og redningstenesta. Budsjettmessig blir heile lønsutgifta ført på IKT.*

Sjølv om oppgåvemengda har gått kraftig opp sidan 2009, har IKT-bemanninga dei siste par åra reelt sett gått ned med om lag 20% stilling. Problemstillinga knytt til administrativt arbeid for brann- og redningstenesta må ryddast opp i uavhengig av valet av framtidig IKT-driftsform. Kostnader knytt til dette er teke med i punkt 4.2.6.4 i dette dokumentet.

3.1.2 IKT-ressursar ved skulane

Begge skulane i kommunen har ein «IKT-ressurs», der ein tilsett ved kvar skule har avsett ein liten stillingsprosent til «pedagogisk IKT». Ingen av skulane har ansvar for oppsett/installasjon eller andre driftsoppgåver knytt til datamaskinar/datautstyr. Dette ansvaret ligg til IKT-avdelinga. Ein av IKT-konsulentane er som fast ordning ute på skulane inntil ½ dag pr. veke. I tillegg har IKT-avdelinga også ein del «akuttoppdrag» på skulane, samt større og mindre «prosjekt».

3.2 Omfang av noverande IKT-drift

Nedanfor følgjer ei oversikt som kan gje eit bilete av omfanget av noverande IKT-drift i kommunen.

Tekst	Tal
Serverarar (fysiske)	5
Serverarar (virtuelle)	59
Datamaskinar (PC'ar og bærbar)	390
Nettbrett	ca. 60

4 Alternativ for IKT-drift

I dette kapitlet er følgjande alternativ vurdert:

- Halda fram med noverande IKT-driftsform uendra
- Samnanger går inn i IKTNH
- Halda fram noverande IKT-driftsform, men med auka bemanning og ressursbruk

Det kan også tenkjast andre alternativ for IKT-drift, for eksempel samarbeid med Kvam herad, Bjørnafjorden kommune eller kjøp av IKT-driftstenester. Desse alternativa er ikkje sett nærmare på eller vurdert i dette dokumentet.

4.1 Alt. 1 - Halda fram med noverande IKT-driftsform uendra

Rådmannen si vurdering er at det uansett er nødvendig å styrka satsinga på IKT i kommunen. Å halda fram med noverande IKT-driftsform uendra, er ikkje ei løysing rådmannen tilrår. Dagens IKT-drift er sårbar, mellom anna som følgje av at det berre er to tilsette og at kommunen har for mykje gammalt datautstyr, og på nokre område også for gammal programvare. Det er også nødvendig å satsa meir på utviklings- og prosjektarbeid knytt til IKT, samt på overordna IKT-leiing.

Det er viktig å påpeika at det er mykje som fungerer godt på IKT-området i kommunen i dag, og at dei tilsette har høg kompetanse og gjer ein svært god jobb. Det er også svært lite nedetid på datasystema våre. Likevel er det nokre forhold som bør takast tak i, mellom anna:

- Me er sårbar dersom ein av dei to IKT-konsulentane blir sjuk/fråværande over lengre tid.
- Kommunen har for mykje gammalt datautstyr i bruk (mellom anna PC'ar). Dette skuldast primært at me i fleire år har hatt for låg utskiftingstakt på datautstyr. I økonomiplanperioden 2018 – 2021 er det lagt inn ein årleg ekstrasum (175.000 kroner pr. år) til utskifting av elev-PC'ar. Dette gjer at utskiftingstakten på elev-PC'ar no er langt betre enn den har vore dei siste åra.
- Behov for å gjera investeringar på servarsida.
- Kjøleanlegget på serverrommet på kommunehuset manglar naudstraumsaggregat.
- Manglande tids-/stillingsressursar til utviklingsarbeid, dokumentasjonsarbeid, deltaking i prosjekt.
- Manglande leiarressurs knytt til IKT.

Det vil vera ulike måtar IKT-satsinga kan styrkast på. Eit alternativ vil vera å halda fram med noverande IKT-driftsform, men med auka ressursbruk og styrka bemanning. Eit anna alternativ vil vera å gå inn i IKTNH. Uansett vil styrka satsing krevja auka ressursbruk på IKT i forhold til i dag.

4.2 Alt. 2 - Samnanger går inn i IKTNH

4.2.1 Kva IKT-oppgåver vil IKTNH overta for Samnanger?

Dersom Samnanger går inn i IKTNH, vil dei i utgangspunktet overta all IKT-drift som Samnanger sjølv har i dag. Til dømes vil all lokal servardrift bli flytta frå Samnanger til IKTNH. I tillegg vil IKTNH overta ansvaret for mellom anna:

- Drift og vedlikehald av PC'ar, kopimaskinar, skrivarar, nettbrett og (installasjon, drift, oppdatering m.m.)
- IKT-brukarstøtte/support til tilsette i Samnanger kommune
- Brannmur, lagring og backup, andre datatryggleikstiltak, dokumentasjon
- Koplingar mot Feide, Norsk Helsenett m.m.
- Vedlikehald og oppdatering av fagsystem som blir drifta lokalt (ikkje i «skyen»)
- Inngå innkjøpsavtalar og vedlikehaldsavtalar for datautstyr, fagsystem, telefoni m.m.
- Leggja til rette for at kommunen kan ta i bruk nye digitale løysingar innanfor dei fristar og krav som styresmaktene set
- IKT-strategi
- Ulike prosjekt knytt til IKT-drift (dette vil ofte vera fellesprosjekt der fleire/alle medlemskommunar i IKTNH deltek)

4.2.2 Kva ønskjer IKTNH å oppnå?

På IKTNH sine nettsider går det fram at ein ønskjer å oppnå:

- Eit formalisert samarbeid mellom partane
- Foruseielegheit for både kommune og IKTNH
- At gjeldande regelverk til eikvar tid vert etterlevd
- At ein kan vere trygg på at alle leveransar samsvarar med avtalt kvalitetsnivå
- Gjensidig utveksling av driftsinformasjon

4.2.3 Kva kan IKTNH tilby Samnanger kommune?

I dokumentet som IKTNH har utarbeidd har dei sett opp følgjande hovudpunkt om kva dei kan tilby Samnanger kommune:

- Tilgjenge til ein etablert infrastruktur
- Ei deling av driftskostnader
- Deltaking i felles innkjøps- eller leigeavtalar
- Tilgjenge til oppdatert og spissa kompetanse innan kommunal IKT-drift

4.2.4 Kva fordelar meiner IKTNH Samnanger kommune vil få?

IKTNH listar i dokumentet vidare opp følgjande hovudpunkt om fordelar for Samnanger kommune dersom me går inn i samarbeidet:

- Økonomiske fordelar
- Organisatoriske fordelar
- Kompetansefordelar
- Utviklingsfordelar

4.2.5 Innmeldings- og oppseiingsvilkår

Det er kommunestyret i Samnanger som må avgjera om kommunen ønskjer å gå inn i IKTNH. Kommunestyra i IKTNH-kommunane vil så ta stilling til om Samnanger skal takast opp som

«medlem». Dersom Samnanger går inn i IKTNH, men på eit seinare tidspunkt ønskjer å gå ut av samarbeidet, er oppseiingstida pr. i dag to år.

4.2.6 Kostnader

4.2.6.1 Fast årleg betaling til IKTNH

Det går fram av dokumentet frå IKTNH at Samnanger kommune si faste ålege betaling til IKTNH vil vera:

Tekst	Kostnad pr. år
Personellkostnader	898 065
Drift av IKTNH	372 795
Investeringar	434 037
Total årlig kostnad	1 704 897

Den faste årlege kostnaden er mellom anna rekna ut på grunnlag av folketalet i kommunen, og vil dekkja alt av rådgjeving, konsulenttimar, drift av datarom, sentralt nettverk, brukarstøtte, oppsett av klientar m.m. Kostnaden vil indeksjustert og kan også bli endra dersom «betalingsmodellen» til IKTNH blir endra. Kostnaden («personellkostnader») er basert på at den eine av Samnanger sine to IKT-konsulentar blir overflytta til IKTNH. Dersom begge IKT-konsulentane blir overflytta til IKTNH, vil truleg summen «Personellkostnader» bli auka litt.

4.2.6.2 Kostnader som ikkje er inkludert i fast årleg betaling til IKTNH

Det går fram av dokumentet frå IKTNH at følgjande kostnader er ikkje inkludert i summen ovanfor:

1. PC'ar, nettbrett, mobiltelefonar, aksesspunkt, printarar, lokale switchar, etc
2. Lisensar knytt til klientar etc:
 - Microsoft
 - Adobe
 - Aruba
3. Lokale nettverkslinjer
4. Fagapplikasjonar

I tillegg er ikkje kostnader til eventuelle lokale IKT-stillingar i Samnanger kommune inkludert.

Rådmannskontoret har valt å ta som utgangspunkt at Samnanger sine faste årlege kostnader til fagapplikasjonar (lisensvedlikehald, brukarstøtte) vil vera om lag dei same som i dag også dersom Samnanger går inn i IKTNH. Det er sannsynleg at IKTNH på nokre område har gunstigare avtalar/betre prisar enn Samnanger har i dag. Leiar i IKTNH ser for seg at Samnanger som følgje av dette vil kunne redusera kostnader til lisensvedlikehald og brukarstøtte på fagapplikasjonar med minst 20-30 prosent dersom me går inn IKTNH. Pr. i dag har me ikkje fått konkrete tal/prisar som gjer at rådmannskontoret kan «gå god for» dette overslaget. Det er her også eit moment at IKTNH tilbyr fleire fagapplikasjonar/modular enn Samnanger har i dag. Samnanger sine samla kostnader til fagapplikasjonar kan derfor bli om lag dei same som i dag sjølv om prisen pr. fagapplikasjon/modul blir lågare enn i dag.

4.2.6.3 Årlege kostnader som den faste årlege betalinga til IKTNH vil erstatta

Nedanfor er det sett opp eit overslag over kva noverande utgifter i Samnanger kommune den faste årlege betalinga til IKTNH vil erstatta.

Tekst	Kostnad pr. år	Merknad
Frå og med 2019		
Lønsutgifter IKT-konsulentar (til saman 200% stilling)	1 300 000	Inkl. feriepengar og avgifter
Lønsutgifter til IKT-heimevaktordning	200 000	Inkl. feriepengar og avgifter
Budsjetterte overtidsutgifter	10 000	Inkl. feriepengar og avgifter
Budsjetterte utgifter til kurs- og opplæring IKT-konsulentar	40 000	Inkl. reiseutgifter
Budsjetterte konsulentutgifter	100 000	
Lisensutgifter til servardrift/servarrom	120 000	
Straumutgifter sereverrom	20 000	Stipulert straumutgift servarar og kjøleanlegg
Årleg kjøp av ny servar (hardware)	45 000	
Webhotel kommunal heimeside	30 000	
Lisensavgift brannmur og lagringshylle	50 000	
Sum frå og med 2019	1 915 000	
Mogleg tilleggsinnsparing frå og med 2020		
ASP-drift økonomi- og lønssystem (Agresso)	275 000	Gjeld dersom Samnanger skiftar til Visma
Sum mogleg tilleggsinnsparing frå og med 2020	275 000	
Sum mogleg innsparing frå og med 2020	2 190 000	Inkludert mogleg tilleggsinnsparing i 2020

4.2.6.4 Årlege kostnader som vil auka/koma til dersom Samnanger går inn i IKTNH

Auka kostnader til utskifting av datamaskinar

Dersom Samnanger går inn i IKTNH, vil nokre faste kostnader måtte aukast/koma til. IKTNH set i utgangspunktet krav til «alder» på datamaskinar m.m. i alle medlemskommunane (at datamaskinar ikkje skal vera for gamle/ha gammalt operativsystem etc). Samnanger har i dag ein god del datamaskinar som er for «gamle» i forhold til IKTNH sine krav. Dette gjeld både elev-datamaskinar og datamaskinar som tilsette brukar. Desse må skiftast ut, og utgiftene til utskiftinga er tekne med i punkt 4.2.6.5 nedanfor. I tillegg til denne eingongskostnaden, må Samnanger også pårekna å måtte bruka meir pengar kvart år til utskifting av datamaskinar enn i dag, for å halda maskinparken «moderne» nok i forhold til IKTNH sine krav.

Utgifter til lokal IKT-ressurs i Samnanger

IKTNH har i møte med kommunen tilrådd at kommunen bør ha ein sentral lokal IKT-ressurs sjølv om me går inn i ITKNH. Oppgåver vil mellom anna vera:

- Jobba opp mot IKTNH / vera kommunen sin primære kontaktperson med IKTNH
- Arbeida med/delta i ulike IKT-prosjekt, mellom anna prosjekt i regi av IKTNH
- Jobbing/kvalitetssikring knytt til fagapplikasjonar og datasystem som Samnanger kommune brukar

IKTNH har ikkje noko bestemt oppfatning av kor stor den lokale IKT-ressursen bør vera, men denne ressusen vil truleg vera svært viktig for at ei eventuell innlemming i IKTNH skal fungera best mogleg. Ressursen i Samnanger bør truleg vera om lag 50%, og dette er brukt som utgangspunkt i denne utgreiinga.

Auka utgifter til IKT-ressursar i einingane

Dersom Samnanger går inn i IKTNH vil truleg nokre av einingane i kommunen måtte ha ein

IKT-kontaktperson, som både er eininga sitt kontaktledd mot IKTNH og som kan utføra enklare «tekniske oppgåver» knytt til IKT (oppgåver som IKTNH ikkje kan gjera over linje, og som det ikkje er fornuftig at IKTNH «rykkjer ut» frå Knarvik for å løysa). På grunn av at det er uklart kor stort dette behovet vil vera, er det ikkje lagt inn kostnader i tabellen nedanfor. I «beste fall» vil det vera mogleg å løysa dette utan at det må opprettast stillingar. Kommunen har ei rekke fagsystem (mellom anna økonomi-/lønssystem, arkiv-/saksbehandlingssystem, turnussystem, pasientjournalssystem, skuleportal, fagsystem for sosialtenesta, fagsystem for kommunalteknikk). IKT-avdelinga har det tekniske driftsansvaret for dei fagsystema kommunen driftar lokalt, men det er den enkelte eininga/sectoren som er systemeigar og har superbrukarsvaret for «sine» fagsystem. I nokre tilfelle har IKT-avdelinga vore nøydd til å ta ein stor del av superbrukarsvaret for fagsystem, grunna manglande ressursar/kompetanse (eller eventuelt andre prioriteringar) i eininga som brukar fagsystemet. Dersom Samnanger går inn i IKTNH, vil enkelte einingar truleg måtte pårekna å bruka meir tidsressursar på fagsystema sine enn dei gjer i dag. Det vil ikkje vera mogleg å «talfesta» dette ressursbehovet før etter ei tids erfaring med IKTNH-drift. Det er derfor heller ikkje lagt inn kostnader til dette i tabellen nedanfor.

Tabellen nedanfor viser ei oppsummering av kostnader som vil auka/koma til dersom Samnanger går inn i IKTNH. Eventuelle kostnader til auka IKT-stillingsressursar i einingane vil koma i tillegg.

Tekst	Kostnad pr. år
Frå og med 2019	
Lønsutgift for lokal IKT-ressurs (50% stilling)	365 000
Lønsutgift for administrativ ressurs brann- og redning (20% stilling)	145 000
Årleg ekstrakostnad auka utskiftingstakt datautstyr	100 000
Sum	610 000

Dersom den eine av kommunen sine IKT-konsulentar ikkje blir overflytta til IKTNH, må kommunen så langt som mogleg tilby han til saman 100% stilling i Samnanger. Det kan då bli ytterlegare nye lønskostnader enn det som er vist i tabellen ovanfor (dersom det blir oppretta nye stillingsressursar ut over 50% + 20% stilling), men dette er førebels ikkje avklart. Aktuelle område for ytterlegare nye stillingsressursar kan vera brann- og redning (drifts-/ ettersynsoppgåver) og beredskap.

4.2.6.5 Investeringar/eingongskostnader dersom Samnanger går inn i IKTNH

Overflytting av programvareløysingar og nødvendig utskifting av datautstyr

Noko av investeringsbehovet går fram av det dokumentet frå IKTNH. Der er det estimert ein eingongskostnad på 1 million kroner til overflytting av programvareløysingar frå Samnanger kommune sine serverar til IKTNH sine serverar, samt til nødvendig utskifting av datautstyr.

Kostnader til omleggingar i Samnanger kommune

Det går vidare fram av dokumentet frå IKTNH at det må påreknast kostnader til omleggingar ute i kommunen, som skifte av utstyr, oppsett av PC'ar m.m. Dette er arbeid som må gjerast av tilsette i Samnanger. Det er vanskeleg å talfesta kor stor denne kostnaden vil bli, men dette vil først og fremst vera lønskostnader.

Kostnader til skifte av applikasjonar/fagsystem

IKTNH-kommunane har eit anna økonomi- og lønssystem (Visma) enn Samnanger (Agresso). IKTNH driftar Visma systemet sjølv. Dersom Samnanger går inn i IKTNH, vil me ha moglegheit til å gå over til Visma. Dersom me går over til Visma, vil det bli ein oppstart-/

etableringskostnad, som truleg vil vera i størrelsesorden 1,3 til 1,5 millionar kroner (inkludert interne prosjektkostnader).

Samnanger driftar i dag ikkje Agresso sjølv. I staden har me asp-drift på dette systemet. Kostnaden for asp-drifta er om lag 280.000 kroner pr. år. Samnanger kan velja å halda fram med Agresso (med noverande asp-drift og kostnad) sjølv om me går inn i IKTNH. Agresso-avtalen vår går ut seinast i 2021, d.v.s. at me seinast i 2020 må ta stilling til val av framtidig økonomi- og lønssystem for Samnanger. Alternativa vil då vera enten å gå inn på IKTNH si Visma-løysing, eller at Samnanger kommune gjennomfører eigen konkurranse om økonomi-/lønssystem.

Dersom me går me går inn på IKTNH si Visma-løysing, vil me som nevnt ovanfor få ein relativt stor etableringskostnad, men samtidig sleppa den noverande årlege asp-utgifta til Agresso. Me vil også få tilgang til diverse tilleggsmodular/funksjonalitet i Visma som me ikkje har i Agresso i dag. Dersom me skal få på plass tilsvarande tilleggsmodular/funksjonalitet i Agresso, vil dette medføre kostnader (både eingongskostnader og faste årlege kostnader).

Rådmannskontoret si vurdering pr. i dag er at dersom Samnanger går inn i IKTNH, bør me seinast i løpet av 2020 gå over til det økonomi- og lønssystemet som IKTNH driftar for medlemskommunane. Det vil i så fall truleg ikkje vera nødvendig for Samnanger kommune å gjennomføra innkjøpskonkurranse om denne leveransen.

Tabellen nedanfor viser eit overslag over nødvendige investeringar/eingongskostnader dersom Samnanger går inn i IKTNH.

Tekst	Kostnad	Merknad
Obligatorisk kostnad		
Overflytting av programvareløysingar og nødvendig utskifting av datastyr	1 000 000	
Kostnader til omlegging (interne kostnader) og utføresette kostnader		
Diverse kostnader	250 000	Ekstra lønskostnader m.m. i overgangs-/prosjektfasen, samt «buffer» for å dekkja utføresette prosjektkostnader.
Kostnad eventuelt skifte av økonomi- og lønssystem		
Skifte av økonomi- og lønssystem	1 400 000	Antatt kostnad 1,3 - 1,5 millionar kroner

4.2.6.6 Oppsummering kostnader alt. 2

Tabellane på neste side viser ei oppsummering av tabellane ovanfor som gjeld alternativ 2. Kostnader ved overgang til IKTNH er her samanlikna med Samnanger kommune sine tilsvarande noverande IKT-kostnader.

Samandragstabell ekskl. skifte av økonomi- og lønssystem		
Tekst	Kostnad pr. år	Eingongskostnad
Årleg betaling til IKTNH	1 705 000	
Noverande kostnader som blir redusert dersom Samnanger går inn i IKTNH	-1 915 000	
Kostnader som aukar/kjem til dersom Samnanger går inn i IKTNH	610 000	
Investerings-/eingongskostnader dersom Samnanger går inn i IKTNH		1 250 000
Sum ekstrakostnad	400 000	1 250 000

Samandragstabell inkl. skifte av økonomi- og lønssystem		
Tekst	Kostnad pr. år	Eingongskostnad
Årleg betaling til IKTNH	1 705 000	
Noverande kostnader som blir redusert dersom Samnanger går inn i IKTNH	-2 190 000	
Kostnader som aukar/kjem til dersom Samnanger går inn i IKTNH	610 000	
Investerings-/eingongskostnader dersom Samnanger går inn i IKTNH		2 650 000
Sum ekstrakostnad	125 000	2 650 000

4.2.7 Personalmessige konsekvensar

IKTNH kan i utgangspunktet gje tilbod til begge IKT-konsulentane våre om stilling ved IKTNH. Den eine av IKT-konsulentane våre har signalisert at han i utgangspunktet ikkje ønskjer å bli overført til IKTNH, mellom anna på grunn av lang reiseveg og problem med å kombinera arbeidsstad på Knarvik med beredskapsoppgåver for brannvesenet i Samnanger. På bakgrunn av dette ligg berre overflytting for den eine av IKT-konsulentane våre inne i kostnadsoverslaget me har fått frå IKTNH, der årleg betaling er sett til 1.705.000 kroner.

Dersom begge IKT-konsulentane våre blir overflytta til IKTNH, vil den årlege betalinga auka noko, men truleg ikkje vesentleg.

Begge IKT-konsulentane har besøkt IKTNH og sett på forholda der.

Dersom berre den eine IKT-konsulenten blir overført til IKTNH, må Samnanger kommune prøva å finna andre arbeidsoppgåver til den andre. Som nevnt tidlegare i dette dokumentet, vil det vera behov for ein IKT-ressurs i Samnanger sjølv om me går inn i IKTNH (i størrelsesorden 50% stilling). Vidare vil det vera behov for å vidareføra den noverande ordninga med om lag 20% administrativ stillingsressurs for brann- og redningstenesta. I tillegg vil det også vera ytterlegare behov innanfor kommunen si brann-/rednings- og beredskapsteneste.

IKT-konsulentane våre vil tapa noko økonomisk dersom Samnanger går inn i IKTNH. Dette skuldast at dei vil mista godtgjersla dei i dag har for IKT-heimevaktordninga i Samnanger. Dette utgjør til saman om lag 160.000 kroner pr. år fordelt på dei to konsulentane. Begge IKT-konsulentane har gitt uttrykk for at heimevaktgodtgjersla er ei vesentleg årsak til at bruttoløna deira er «akseptabel» i forhold til IKT-stillingar i andre kommunar, og at dei syns det vil vera svært uheldig å gå ned i bruttoløn.

Når det gjeld grunnløn (fast årsløn), vil IKT-konsulentane etter alt å døme ikkje gå ned i forhold til i dag dersom Samnanger går inn i IKTNH. Dette vil gjelda både ved eventuell overflytting til IKTNH, men også for den IKT-konsulenten som eventuelt ikkje blir overflytta til IKTNH.

Den eine IKT-konsulenten arbeider i dag også som brannbefal i Samnanger, og deltek i heimevaktordninga for brannbefal (heimevakt kvar 4. veke). Han har også beredskap på dagtid (i arbeidstida) i heimevaktvekene sine, samt at han utfører diverse administrative oppgåver for brann- og redningstenesta i kommunen. Dersom han blir overført til IKTNH, ønskjer han å likevel framleis å vera brannbefal i Samnanger og delta i heimevaktordninga. For å få dette til, vil det kanskje vera nødvendig for han med heimekontorordning ved IKTNH kvar 4. veke. Det er pr. i dag ikkje avklart om dette vil vera mogleg å få til.

4.2.8 Beredskap utanfor ordinær arbeidstid

Leiar i IKTNH har i møte med kommunen informert om at IKTNH ikkje har heimevaktordning. Dei har likevel ei beredskapsordning utanfor ordinær arbeidstid, der ein person i IKTNH kan kontaktast på mobiltelefon ved driftsproblem. Leiar i IKTNH har informert om at talet på henvendelsar utanom arbeidstid er lågt, og at IKTNH har vurdert at det ikkje er behov for ei ordinær heimevaktordning. Årsaka til dette er at nettverket og datasystema deira er stabile og har lite nedetid.

4.3 Alt. 3 - Halda fram noverande IKT-driftsform, men med auka bemanning og ressursbruk

Som nevnt i punkt 4.1 er rådmannen si vurdering at det uansett bør gjerast tiltak for å styrka IKT-tenesta i kommunen. Det kan vera eit alternativ å halda fram med noverande IKT-driftsform, men gjennom auka ressursbruk prøva å oppnå ein del av dei same gevinstane som om kommunen går inn i IKTNH. Aktuelle tiltak kan vera:

- Oppretta leiarstilling/leiarressurs i IKT-avdelinga
- Eingongsløyving for å få skifta ut gammalt datautstyr
- Auka utskiftingstakt på datautstyr inkl. servarar
- Utskifting av servarar - etablera nytt offsite serverrom

Samnanger vil sjølvsagt aldri kunne ha ei eiga IKT-avdeling som er like stor som IKTNH, og me vil heller aldri kunne ha så stor samla fagleg breidde som IKTNH. Det kan likevel vera andre forhold som oppveier for slike «ulemper», for eksempel at våre IKT-konsulentar vil ha god totaloversikt over alle delar av IKT-drifta i kommunen og kort fysisk avstand til einingar som treng hjelp. Forholdet mellom fordelar og ulemper vil uansett til slutt vera ei vurdering som til ein viss grad må baserast på skjønn. Nedanfor har me kort drøfta dei fire aktuelle tiltaka som er lista opp ovanfor.

4.3.1 Oppretta leiarstilling/leiarressurs i IKT-avdelinga

Det kan for eksempel opprettast ein leiarressurs på 50%, som kan kombinerast med stilling som ordinær IKT-konsulent. Dette føreset at ein får inn ein ekstra person ved IKT-avdelinga (for eksempel i 50% stilling som IKT-konsulent, kombinert med ei anna stilling i kommunen), i tillegg til dagens to tilsette, slik at det til saman vert tre tilsette. Med denne løysinga vil intern rekruttering i kommunen vera mest aktuelt. Gjennom leiarressursen på 50% vil avdelinga i langt større grad enn i dag ha høve til å arbeida grundig med mellom anna planlegging,

kvalitetssikring, dokumentasjon og deltaking på konferansar etc. Gjennom å auka frå to til tre tilsette vil avdelinga også bli mindre sårbar for fråvær.

Kostnad for 50% leiarressurs vil vera om lag 360.000 – 380.000 kroner pr. år, men vil sjølvstakt vera avhengig av lønsnivået leiarstillinga blir lagt på.

4.3.2 Eingongsløyving for å få skifta ut gammalt datautstyr

Her har me valt å bruka ein litt lågare sum enn den IKTNH har sett opp i sitt dokument til utskifting av gamle PC'ar. IKTNH har sett opp 300.000 kroner, medan me har sett opp 200.000 kroner. Årsaka til dette er at Samnanger har litt mindre strenge krav til «alder» på PC'ar enn IKTNH. Gjennom ei ekstraløyving på 200.000 kroner vil ein kunne skifta ut om lag 40 PC'ar. I tillegg bør det leggast inn ein sum på 50.000 kroner til utskifting av diverse anna datautstyr, slik at samla ekstraløyving blir 250.000 kroner.

4.3.3 Auka utskiftingstakt på datautstyr inkl. servarar

Her har me valt å bruka den same summen som me har brukt i alt. 2 (punkt 4.2.6.4) til auka utskiftingstakt på datautstyr, d.v.s. 100.000 kroner ekstra pr. år. I tillegg har me lagt inn 50.000 kroner som årleg ekstrakostnad for auka utskiftingstakt på servarar, og 50.000 kroner som årleg ekstrakostnad til utskifting av anna infrastruktur-utstyr/diverse, slik at samla ekstrakostnad blir 200.000 kroner pr. år. Dette vil gje rom for å skifta ut for eksempel 20 PC'ar, 1 servar og diverse switchar m.m. ekstra pr. år.

4.3.4 Utskifting av servarar - etablera nytt offsite servarrom

Det vil vera behov for å gjera nokre investeringar på servarsida i kommunen, for å sikra ei mest mogleg sikker og stabil drift. Dette investeringsbehovet vil vera om lag 200.000 kroner.

Gjennom ei slik investering vil me kunne etablera to parallelle servarrom med spegling av data, med 4 fysiske servarar på kvart servarrom. Dette vil mellom anna gjera oss mindre sårbare for datatap enn i dag, sjølv om me også i dag køyrer «dobbel backup» av data.

4.3.5 Oppsummering ekstrakostnader alt. 3

Tabellen nedanfor viser ei oppsummering av ekstrakostnader ved alt. 3 i forhold til kommunen sine noverande IKT-kostnader. I tillegg til kostnaden for dei fire tiltaka ovanfor, er det også lagt inn ein sum til utvida bruk av kommunen sitt noverande økonomi- og lønssystem Agresso. Årsaka til dette er at dersom kommunen ikkje skal skifta økonomi- og lønssystem, så må me ta i bruk nokre fleire «modular» i Agresso enn i dag. Dette vil vera nødvendig for å kunne arbeida meir effektivt med mellom anna løn.

Tekst	Kostnad pr. år	Sum eingongskostnad
Leiarstilling/leiarressurs på 50%	370 000	
Eingongsløyving for å skifta ut gammalt datautstyr		250 000
Auka utskiftingstakt på datautstyr	200 000	
Utskifting av servarar	50 000	200 000
Nye modular i Agresso	30 000	200 000
Sum *	650 000	650 000

*) Utgifter til eventuelle nødstrømsaggregat til kjøleanlegg på servarrom vil koma i tillegg. Dette er pr. i dag ikkje kostnadsberekna.

5 Innspel frå fagforeiningane

Det vart gjennomført drøftingsmøte med hovudtillitsvalde i kommunen 24.05.2018. Der møtte Fagforbundet, Sjukepleiarforbundet og Utdanningsforbundet. Alle desse tre fagforeiningane gav uttrykk for at dei er positive til at Samnanger eventuelt skal gå inn i IKTNH, men dei er opptekne av at dei tilsette på IKT må bli godt ivaretekne i prosessen.

NITO i Samnanger har utarbeidd ein skriftleg uttale til saka. Dei uttrykkjer der skepsis til at Samnanger eventuelt skal gå inn i IKTNH. Uttalen følgjer som vedlegg til saksframlegget. Nedanfor følgjer eit samandrag av innhaldet i uttalen:

- Det er per dags dato svært uklart kva som skjer med dei tilsette ved IKT-avdelinga i Samnanger dersom me går inn i IKTNH, både når det gjeld løn og innhald i stilling. Framtida er såleis svært usikker for dei tilsette ved IKT-avdelinga.
- Dei IKT-tilsette er på noverande tidspunkt kritiske til eit eventuelt samarbeid med IKTNH.
- Dei IKT-tilsette er sterkt ueinige i at IKT-drifta i Samnanger i dag heng etter på alle område, slik dei skriv at ein kan få inntrykk av i saksdokumenta. Grunn drifta av IKT-tenester (serverarar, PCar, nettverk, servicedesk osv) er Samnanger gode på og teknologisk har me lenge vore langt framme. Me er stort sett tidleg ute med å oppgradere både serverarar og andre basissystem, og me har svært lite nedetid på våre system.
- Tilgang på innkjøpskompetanse innan IKT vil vera den største skilnaden for IKT-drift dersom Samnanger går inn i IKTNH, men dette åleine er ikkje nok til å gå inn i eit slikt samarbeid.
- IKT-avdelinga i Samnanger yt i dag langt meir service til einingane enn det ein vil få dersom Samnanger går inn i IKTNH. Det må derfor kalkulerast inn ressurar innan alle einingar til lokale superbrukarar.
- Kommunestyret har bestemt at Samnanger skal halda fram som eigen kommune. Ein må då henta ut dei fordelane som finst ved at ein er liten, og det blir då feil å setja ut ei av dei viktigaste tenestene til andre.
- Det vil med relativt små investeringar vera mogleg å prøva ut ei løysing med styrka lokal IKT-drift i Samnanger. Ei slik løysing bør prøvast ut over ei tid, gjerne 1-2 år.
- Det bør også greiast ut andre moglege samarbeid enn med IKTNH. Bjørnafjorden kommune vil vera ein meir naturleg samarbeidspartnar.
- Det er viktig å tenkja seg godt om før det blir teke avgjerd i saka. Ein må ikkje haste inn i eit samarbeid om ein ikkje er heilt overtydd om at dette er løysinga som er til det beste for tilsette, kommune og innbyggjarar.

6 Vurdering og samanlikning av alternativa

Her er det først viktig å påpeika at det ikkje er mogleg å fastsetja helt sikre eller nøyaktige tal om kostnader ved å gå inn i IKTNH, eller ved å halda fram med noverande IKT-drift i kommunen. I dette dokumentet har me prøvd å visa sannsynlege kostnader, men me har ikkje hatt tidsressursar til å kunne gå grundig inn i alle økonomiske tal/alle sider av saka. Nokre tal vil heller ikkje bli klare før Samnanger eventuelt går inn i IKTNH. Dette gjeld for eksempel prisar i avtalar med leverandørar som IKTNH vil måtte reforhandla dersom Samnanger går inn

i samarbeidet. Det same gjeld avklaringar om eventuelt auka ressursbehov til lokale superbrukarar i einingane i kommunen (vil truleg ikkje bli avklart før etter ei tids erfaring med drift i IKTNH).

Den økonomiske kostnaden vil også vera avhengig av både ein del utanforliggende forhold/ting som «skjer», samt val som Samnanger kommune og IKTNH gjer i åra som kjem.

Oppsummert ser det ut til at det totalt sett ikkje vil vera store kostnadmessige forskjellar mellom å halda fram med lokal IKT-drift i kommunen i forhold til å gå inn i IKTNH. Dersom Samnanger går inn i IKTNH, vil det bli investerings-/eingongskostnader på noko over ein million kroner. Også dersom Samnanger skal halda fram med noverande IKT-driftsform, er det behov for å gjera investeringar, i tillegg til å auka stillingsramma ved IKT-avdelinga noko.

Samandragstabell alternativ 1, 2 og 3 - sannsynlege ekstrakostnader i forhold til i dag		
Tekst	Ekstrakostnad pr. år frå og med 2020	Eingongskostnad (sum 2019 og 2020)
Alternativ 1 - Halda fram med noverande IKT-driftsform uendra	0	0
Alternativ 2 - Samnanger går inn i IKTNH (ekskl. kostnader til utskifting av økonomi- og lønssystem i 2020)	400 000	1 250 000
Alternativ 2 - Samnanger går inn i IKTNH (inkl. kostnader til utskifting av økonomi- og lønssystem i 2020)	125 000	2 650 000
Alternativ 3 - Halda fram noverande IKT-driftsform, men med auka bemanning og ressursbruk	650 000	650 000

Rådmannen si vurdering er at Alternativ 1 (halda fram med noverande IKT-driftsform uendra) ikkje bør veljast, fordi det uansett er behov for å styrka IKT-drifta i kommunen. Valet bør slik rådmannen ser det derfor stå mellom Alternativ 2 og 3.

6.1 Fordelar og ulemper

På nokre fagområde kjøper Samnanger i dag tenester frå andre kommunar, eller er med i interkommunale samarbeid. Dette gjeld mellom anna barnevern, landbruk, brann, skatteoppkrevjing og renovasjon. På desse områda har kommunen si vurdering vore at det vil vera mest føremålstenleg (større fordelar enn ulemper) å kjøpa tenestene eller inngå samarbeid med andre kommunar. Spørsmålet er no om vurderinga vil vera den same for IKT-drift.

På neste side har rådmannskontoret sett opp ei oversikt over kva som kan vera fordelar og ulemper ved å gå inn i IKTNH.

Fordelar med å gå inn i IKTNH	Ulemper med å gå inn i IKTNH
Stort IKT-fagmiljø - samla sett breiare fagkompetanse og mindre sårbart for fråvær etc.	Større avstand mellom «IKT-avdeling» og brukarar. Opplevd sørvisnivå for nokre tilsette kan bli lågare enn i dag. Brukarstøtte må i større grad enn i dag skje gjennom fjernhjelp.
Mindre sårbar servardrift. <i>(Dersom Samnanger gjer nødvendige investeringar på servarsida, vil denne «fordelen» bli mindre/falla vekk).</i>	Samnanger må innretta seg etter fleirtalsbeslutningar som blir gjort i IKTNH - kommunen får i mindre grad enn i dag «bestemma sjølv». Vil truleg i nokre tilfelle gje budsjettmessige utslag.
Større moglegheit til å vera med på og få gjennomført prosjekt knytt til digitalisering, informasjonstryggleik og liknande, og få på plass nye løysingar.	Samnanger vil få ein relativt stor «eingongskostnad» dersom me skal gå inn i IKTNH (utgifter til utskifting av utstyr for å koma opp på «IKTNH-nivå», overflytting av programvareløysingar m.m.).
Samnanger kan nytta seg av tenester/løysingar som IKTNH allereie har på plass, eller er i ferd med å få på plass.	Nokre av einingane i kommunen må ta større dagleg ansvar enn i dag knytt til eigne fagsystem, og truleg også til eigne datamaskinar/datautstyr. Det betyr at einingane kan måtte bruka meir ressursar på dette enn i dag.
Tilbod om fleire modular til ulike fagsystem/datasystem enn Samnanger har i dag.	Redusert tal arbeidsplassar i Samnanger kommune.
Diverse innkjøpskonkurransar og kontraktsarbeid innanfor IKT-området vil bli ivareteke av IKTNH. Dette vil spare kommunen for administrativt arbeid.	IKTNH har ikkje ordinær heimevaktordning utanom ordinær arbeidstid.
IKTNH har større ressursar til å utarbeida og vedlikehalda nødvendig dokumentasjon av tekniske løysingar, datasikkerheitsløysingar m.m. Dette vil mellom anna vera ein fordel i GDPR-samanheng.	Det er ikkje mogleg i dag å ha full oversikt over kva som kan bli utfordringar for Samnanger dersom me går inn i IKTNH. Når ein går inn i nye samarbeid, klarer ein sjeldan å forutsjå alle utfordringar.

Informasjon som både rådmannskontoret og hovudtillitsvalde har fått frå tilsette i kommunar som i dag er med i IKTNH, tyder på at dei fleste er godt nøgde med korleis IKT-tenesta fungerer i desse kommunane.

7 Konklusjon og tilråding

Rådmannen si vurdering er at det i denne saka er viktig å vera «framsynt», og at det derfor bør leggjast mest vekt på kva som vil vera den beste løysinga for Samnanger sett i eit tidsperspektiv på minst 10 år framover. Dersom Samnanger vel å gå inn i IKTNH, vil det i praksis vera svært krevjande og omfattande å «reversera» eit slikt val og gå tilbake igjen til lokal IKT-drift.

Valet bør ikkje primært baserast på økonomi, men mest på kva IKT-driftsform som totalt sett vil vera best for kommunen i slikt tidsperspektiv. Dette bør i større grad vera eit strategisk val

enn eit reint økonomisk val. Sjølv om Samnanger kan klara å stå for eiga IKT-drift også i åra som kjem, er rådmannen si vurdering at det totalt sett vil vera eit betre alternativ å gå inn i IKTNH. Fordelane med å gå inn i IKTNH vil slik rådmannen vurderer det vera større enn ulempene.

Omsynet til arbeidsplassar i Samnanger er eit moment i denne saka, men rådmannen si vurdering er at dette omsynet ikkje bør vera avgjerande. Kommunen vil truleg netto mista 1 – 1,5 arbeidsplass dersom me går inn i IKTNH.

Det vil vera viktig at IKT-konsulentane våre blir godt ivaretekne dersom Samnanger går inn i IKTNH. Det må mellom anna sikrast at rettane dei har etter lov- og avtaleverket vert følgt opp.

Dersom Samnanger går inn i IKTNH, vil det til dagleg ikkje vera IKT-driftspersonell til stades i Samnanger. Dette vil nok vera «uvant» i starten, men det bør på sikt ikkje vera noko stort problem. I samband med dette vil det heilt sikkert også vera mogleg å få råd frå andre kommunar i IKTNH om korleis dei har løyst denne problemstillinga.

Bakgrunnen for at sak om IKT-drift kjem opp no, er at IKTNH har vendt seg til kommunen med tanke på eit eventuelt samarbeid. Det er ikkje utgreidd fleire alternativ enn eiga IKT-drift og innmelding i IKTNH. Som NITO skriv i sin uttale, kan det også tenkjast andre alternativ - for eksempel samarbeid med Bjørnafjorden kommune eller Kvam herad. Dersom også desse moglege alternativa skal sjåast på, må det først avklarast om samarbeid med Samnanger er aktuelt for nokon av desse kommunane. Dersom slikt samarbeid er aktuelt, må det gjerast undersøkingar og skrivast utgreiing/utgreiingar. Dette vil krevja ressursar. Rådmannen si vurdering er at dersom Samnanger skal gå inn i eit samarbeid på IKT-drift, så vil det enklaste og mest naturlege vera å gå inn i IKTNH. Dei har lang erfaring med interkommunal IKT-drift, brei fagleg kompetanse og stort fagmiljø, og dei tilbyr Samnanger ein nærmast «ferdig pakke».

Dersom kommunestyret gjer vedtak om at Samnanger ønskjer å gå inn i IKTNH, meiner rådmannen at overgangen bør starta allereie hausten 2018.

Samnanger vil få ein eingongskostnad dersom me skal gå inn i IKTNH. Dersom me skal gå inn i IKTNH i 2018, vil delar av denne kostnaden truleg koma allereie i år. I så fall må kommunestyret løyva midlar til dette. Behovet for ekstraløyving i 2018 ikkje verta avklart før det er utarbeidd ein detaljert tidsplan, men «oppstartkostnaden» for å gå inn i IKTNH vil truleg bli i størrelsesorden 1,2 – 1,3 millionar kroner. Ein eventuell tidsplan må også omfatta dato for overflytting til IKTNH for den eine eller eventuelt begge IKT-konsulentane våre.

I 2019 eller 2020 vil det i tillegg truleg koma ein ekstrakostnad på om lag 1,4 millionar kroner til skifte av økonomi- og lønssystem dersom Samnanger går inn i IKTNH.

Det årlege driftsbudsjettet for IKT vil truleg også måtte aukast litt (kanskje i størrelsesorden 400.000 kroner i 2019 og 100.000 – 150.000 kroner frå og med 2020) dersom kommunen går inn i IKTNH, men dette er det vanskeleg å seia noko sikkert om i dag. Nøyaktige årlege IKT-kostnader vil truleg ikkje bli heilt avklart før etter eit par års medlemskap i IKTNH.